

Delta Bolig Prosjektering AS  
Grøvlesvingen 29  
5108 HORDVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/5073 - 21/67815

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
11.10.2021

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknad - gbnr 322/218 Mjåtveit

Tiltak: Lagerbygning  
Byggjestad: Gbnr: 322/218  
Tiltakshavar: Lagerbygg Mjåtveit Næringspark 1 AS  
Ansvarleg søkjar: Delta Bolig Prosjektering AS

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Avkøyrsløse som er vist i situasjonsplan er i strid med regulert avkøyrsløse etter plankart i gjeldande reguleringsplan. Søknad må supplerast med grunngjeven dispensasjon frå regulert avkøyrsløse i plankartet.

Ber om tilbakemelding på at avkøyrsløse er i samsvar med krav i føresegn 3.3 nr.8 i reguleringsplan for Mjåtveit-Dalstø med planid: 1256201 20001.

Dersom de ikkje ynskjer å søkje dispensasjon for avkøyrsløse, må denne endrast slik at den er i samsvar med regulert avkøyrsløse i plan.

2. Det ligg ikkje føre samtykke frå arbeidstilsynet for tiltak. Det er krav om samtykke frå arbeidstilsynet i alle tilfelle der tiltak inneheld arbeidsplassar. Dette gjeld både for faste, midlertidige og sporadiske arbeidsplassar. Sjå her for meir informasjon: <https://www.arbeidstilsynet.no/tema/byggesak/>.

Forstod etter telefonsamtale at lagerhall skal nyttast for oppbevaring av utstyr for blant anna tømrrarar og elektrikarar. Kommunen treng samtykke frå arbeidstilsynet for slike tiltak. Ber om å få tilsendt dokumentasjon om slikt samtykke frå arbeidstilsynet.

3. Kommunen er open for å gjere søknad om til rammeløyve i tråd med plan- og bygningslova §21-5 dersom de ynskjer det.

Kommunen ber om at tilleggsmasjon vert sendt inn samla innan **13.12.2021**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

olav.soltveit@gmail.com

### **Mottakarar:**

Delta Bolig Prosjektering AS	Grøvlesvingen 29	5108	HORDVIK
Lagerbygg Mjåtveit Næringspark 1 AS	Mjuebakkane 8	5918	FREKHAUG